

forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

NVE –Konsesjonsavdelingen,
Postboks 5091 Majorstua,
Oslo 1.

Dato: 07.07.2014

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Friluftsrådet Ålesund og Omland, fylkets tre turistforeningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonene mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Fråsegn knytt til småkraftpakken for Sykkylven / Ørskog.

Vi viser til dei 10 søknadene i 7 vassdrag om småkraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftliner i Sykkylven/Ørskog med høyringsfrist 30.06.2014. 5 av desse søknadene ligg i Sykkylven kommune og 5 i Ørskog kommune.

Dette er ein uttale som er diskutert med Norges Jeger og Fiskerforening Møre og Romsdal, Friluftsrådet Ålesund og Omland, Ålesund og Sunnmøre Turistforening og Naturvernforbundet i Møre og Romsdal.


Vi har vald å gje ein uttale med omsyn til utfordringar knytt til naturvern og friluftsliv sjølv om vi ser at enskilde av prosjekta ikkje kan vere rekningsssvarande og at nettilgangen manglar eller er avgrensa.

Først nokre moment som ligg til grunn for tilrådingane vi vil gje for kvar av konsesjonssøknadane.

1. Høyringsfrist i høve til alle søknadene.

I pakken som ligg ute på høyring ligg 10 vasskraftprosjekt samt koblingsanlegg og liner med høyringsfrist 30. juni og utsendingsbrev stempla 7 april.

Vi vil våge den påstanden at dette er ein alt for kort frist i høve til omfanget av dei søknadene som ligg til vurdering. Vi må i større grad enn før sette lit til kvaliteten på dei biologiske rapportane. Miljøfagleg Utredning sin rapport til OED i 2008 (Gaarder & Melby) peikar på at ikkje alle rapportar held mål, og vi er redd dette kan vere tilfelle framleis. Det seier seg sjølv



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

av ved så mange søknader har dette ført til auka saksmengd som vi diverre trur ikkje har ført til auka kvalitet på sakshandsaminga.

Den kommunale sakshandsaminga kan lett bli summarisk når vi kjenner til arbeidspresset i administrasjonen, - og at nokre kommunar, manglar natur og miljøfagleg kompetanse. Sakene vert då presentert politikarane utan den faglege saksutgreinga dei hadde fortent.

Det har vore vanskeleg å få tilsendt søknadane i papirformat. Dette tok vi opp med NVE på folkemøtet i Sykkylven 05.05.2014. Det vart då avdekt at ansvaret for å distribuere nok papirutgåver smuldra opp mellom søkjar og offentleg mynde. Ved førespurnad på rådhuset i Ørskog kommune 30 juni kunne dei heller ikkje finne fram alle søknadene i papirformat.

Hadde pakkane vore på om lag fem hadde det vore overkommeleg, men denne er altså på 10. **På dette grunnlaget forventar vi at NVE legg meir vekt på «føre-var» prinsippet enn om eit- og eit tiltak var ute på høyring.**

2. Om vurdering av samla belastning.


Det gode med pakkehandsaminga er at det i større grad vert mogleg å vurdere den samla belastninga tiltaka vil ha i sitt område. 10 kraftverk med tilkomstvegar, røyrtrasear og nye kraft-liner-kablar er eit stort arealinngrep i eit område som allereie er kjent på nasjonalt nivå som eit område som har svært mange kraftverk.

Utbyggingane i Huna burde vore vurdert i ei eiga vurdering opp mot samla belastning på fjordlandskapet Hjørundfjorden. Gimsdalen kraftverk og Aurdal kraftverk burde vore vurdert opp mot samla belastning i Sykkylvsfjorden og dei 5 kraftverkssøknadene i Ørskog burde vore vurdert opp mot samla belastning på fjordlandskapet Storfjorden.

Vi krev at utbyggingane i Hundeidvik vert vurdert i samanheng med dei andre i Hjørundfjorden. Dette knytt til intensjonane i «Retningslinjer for små vannkraftverk – til bruk for utarbeidelse av regionale planer og i NVEs konsesjonsbehandling»: «...Sumvirkningar kan defineres som de samlede konsekvenser av fleire små vannkraftanlegg innanfor et geografisk avgrenset område ..» (OED 2007).

3. Om biologisk mangfald.

I dei 10 tiltaksområda i pakken er der få funn av høgt graderte (CR, EN) raudlisteartar, men fleire med lågare status (NT, VU) og artar som har sårbare bestandar sjølv om dei er tatt ut av raudlista. Vi tenkjer på artar som strandsnipe (NT), fossefall, fleire hakkespettartar og oter (VU). Fleire av desse har no robuste lokalitetar i regionen, men om 10 nye elvar vert regulert kan det få utilsikta konsekvensar. Ein art treng eit reserverevir i nærleiken ved naturlege variasjonar i populasjon eller press på lokaliteten som vi ikkje kan sjå i dag. Dei treng ein «beredskaps- buffer». Om ikkje vert dei snart raudlista. Dette stiller krav til føre- var- tenking ved «pakke-handsaming». I dei seinare åra har det vorte meir fokus på fossesprøytsoner og bekkekløfter. Vassdrag med desse naturtypene er også svært attraktive mhp småkraftverk på grunn av at fallet er godt. Sjølv små endringar i vassføring kan resultere i at artane forsvinn. Fossesprøytsoner er definert som ein viktig naturtype etter DN-handbok nr 13, og skal derfor



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

vere kartlagt gjennom dei kommunale naturtypekartleggingane. Imidlertid er langt frå alle førekomstar kartlagt, særleg ikkje i utilgjengelige område som vi har fleire av blant dei 10 omsøkte her.


4. Om kunnskapsgrunnlaget.

I mange søknader er tilsette i kraftlaget og / eller søkjaren sjølv gitt opp som kjelde til kunnskap om fiskebestand, om dyr og planter, om friluftsliv og tidlegare bruk av området. I små bygdelag har dei fleste relasjonar til nokon med kommersielle interesser av ei kraftutbygging. Vi les i fleire av rapportane at ein seier at det ikkje er anadrom fisk på strekninga og at vandringshinder er ukjent. Vi meiner at ein veit ofte betre lokalt og at vi som ser elva utanfrå kan med vår erfaring frå liknande elver, sjå kor laksen/sjøauren høgst sannsynleg stoppar. Om vandringsstopp for anadrome fiskar er usikker, må føre-var prinsippet vere styrande her også knytt til intensjonane som ligg til Naturmangfaldlova. Vi håper NVE ser utfordringa og utøver kjeldekritikk og sett objektive vurderingar i høgsetet.

Det har vore mange småkraftutbyggingar på Sunnmøre dei siste 15 åra. For dei fleste har argumentet om «ny giv for lokalsamfunnet», bygdeutvikling, trygging av jordbruksnæringa og busetjinga vore tunge argument. Påstanden;» Tiltaket vil få stor positiv verknad for lokalmiljø (inntekter, busetnad og framtid for bygda).» blir brukt til stadigheit. Vi saknar meir gransking på om dette har slått til. Har inntektene frå dei små kraftverka skapt vekst og trivsel? Det vi kjenner til er rapporten frå Høgskulen i S. & Fjordane «Småkraft og regionaløkonomisk vekst» (Idsø 2012), som peikar på ein sterk kapitallekkasje ut frå distriktet når utbygginga vert gjort i regi av eit eksternt selskap. Kva har skjedd i Sykkylven og Ørskog ? Har kraftutbygging stoppa utflyttinga frå utkantane og kor er flyten av ressursane når hovuddelen av areala blir eigd av folk som ikkje bur i bygda meir. Her trengs meir kunnskap. Vi trur nok at lokal-argumentet knytt til kraftutbygging er mykje lik oppdrettsnæringa i landet som også starta med tilleggsnæring til kystbonden og som fort kom ut på den frie marknaden.

Ny dokumentasjon om opplevingsverdien ved vann og vassdrag bør vege tungt ved konsesjonsvurderingane. Dette er gamal kunnskap, men no kan vi vise til NVE rapporten i serien Miljøbasert vannføring 4- 2009 «Hvor viktig er vann og vassføring for friluftsliv?» Konklusjonen er at vatn blir verdsatt veldig høgt som kjelde til naturoppleving og opplevingsaktiviteter. Og « egen kunnskap om at et vassdrag er utbygd påvirker opplevelsen negativt».

NVE Rapport nr. 2- 2010 peikar og på at fagkunnskap / utgreiingar og manglar når det gjeld friluftsliv, estetikk, landskapselement og kulturverdiar knytt til vassdraga. Til no er det konsesjonssøklar som skildrar konsekvensane. «Det bør likevel vurderast om NVE skal stille krav til bruk av fagkompetanse på området i søknadsfasen.» «I dag er de største utredningskravene for vannkraftverk knyttet til konsekvenser for biologisk mangfold, mens andre tema har lavere prioritet. I en konsesjonsbehandling og konsesjonspliktavurdering skal man imidlertid vurdere om inngrepet fører til ulemper for ”allmenne interesser”. I dette begrepet ligg det vesentleg fleire tema. Myndighetene bør derfor vurdere om det ikke er fornuftig å stille strengare utredningskrav også til tema som landskap og friluftsliv, som



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

lokalsamfunnet gjerne er meir opptekne av. Det vil også trolig bli en betre og mer uhilda vurdering av konsekvensene på disse miljøtemaene om vurderingene blir vurdert objektivt av andre enn tiltakshavar selv» (sitat NVE Rapport 2-2010.) Fagfolk, kunnskap og forskning på desse fagfelta finst og vi ser fram til at kunnskapsgrunnlaget skal utvidast og forsterkast. Når kunnskapsgrunnlaget på desse tema er svakt for desse 10 tiltaka, set det desto større krav til «føre- var» tenking.

Når det gjeld kunnskap om vassdraget sin verdi som identitetsskapande element, som lokalhistorisk og kulturell kjelde er det ingen kvantifiserbar dokumentasjon på. Men kunnskapen finst, og han er viktig. Som eit døme vil vi minne om at dei fleste i Sykkylven og Ørskog vert borte til grava til «..berre bekken bruser frå det bratte fjell, høyr kor sterkt det susar i den stille kveld.» NVE må vere vare for ytringane som kjem fram (til dømes frå folket i Velledalen) om desse verdiane. Vassdragsvern er kulturvern.

5. Vassdirektivet.


Arbeidet med å nå Vassdirektivet sine miljømål innan 2021 er i startfasen, og alle elvar og anna overflatevatn er omfatta av vassforskrifta sine miljømål. Møre og Romsdal vassregion har hatt «Vesentlege vassforvaltningsspørsmål» ute på høyring. Det blir her vist til forvaltningsmessige utfordringar i vassforvaltningsarbeidet som det er viktig å forbetre:

- Koordinering av sektormyndigheiter
- Manglande deltaking/ressursar i vassområda
- Politisk synleggjering
- Implementere vassforskrifta i den daglege saksbehandlinga til sektormyndigheiter og kommunar
- Medverknad frå interessentar og brukarorganisasjonar

Regional forvaltningsplan for Møre og Romsdal vassregion er no lagt ut på høyring. Forvaltningsplana skal bidra til å styre og samordne vassforvaltninga og arealbruk på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Høyringsperioda er 01.07.2014 - 31.12.2014. Hensikta med forvaltningsplana er å gi ei oversikteleg framstilling av korleis ein ønskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i vassregionen i eit langsiktig perspektiv.

Plana fastset miljømål for elver, bekkar, innsjøar, grunnvatn og kystvann frå høgste fjellvatn til ei nautisk mil utanfor grunnlinja. Plana er sektorovergripande og skal bidra til å styre og samordne vassforvaltning og arealbruk på tvers av kommune- og fylkesgrenser.

I høyringsdokumentet vert vasskraftproduksjon trekt fram som ei av dei store utfordringane. «Jfr. Vassføreskrifta § 4 skal vassførekomstane ha minst god økologisk tilstand. Dei fleste vassførekomstane i Møre og Romsdal har godt vassmiljø, og i desse er det vesentleg at tilstanden blir oppretthalden. I vatn kor miljøtilstanden er dårlegare enn god må det settast inn tiltak i planperioden 2016 – 2020 for å betre tilstanden, ..» (sitat Vesentlege vassforvaltningsspørsmål, M.& R. vassregion 2012. kap.10.1). For vassdrag i god eller svært god tilstand kan eit avslag om småkraftutbygging vere eit nødvendig førebyggjande tiltak for å nå miljømåla i 2021. (sjå Vesentlege v. kap.5.1 Standard miljømål).



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

I opplistinga av sitt vidare arbeid med forskrifta nemner Nordre Sunnmøre vassområde «strengare miljøkrav ved kraftutbyggingar og andre inngrep i vassdrag.» og «Revisjon av konsesjonsvilkår for nokre kraftverk som truleg vil betre miljøtilstanden». Ørskogvassdraget, der Ørskogelva kraftverk går inn, er eit døme på eit vassdrag som allereie har eit kraftverk (Valgermo Giskemo), og der den nye søknaden må vurderast i denne samanhengen. Elles opnar vassdirektivet for revisjonar utan omsyn til den gamle 30- års regelen. Nye småkraftkonsesjonar må bli vurdert opp mot §12, «Ny aktivitet, eller nye inngrep» i Vassforskrifta. I «regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal» frå 15.04.2014 står Ørskogelva vurdert som «moderat miljøtilstand» som betyr at det er behov for miljøforbetrande tiltak.

Vi vil argumentere for ei handsaming av Sykkylven / Ørskog- pakken som trekk mot same mål som vassområdet sitt arbeid og som legg opp til revisjon av eksisterande vassdragsreguleringar der det trengs.

6. Kraftproduksjon og linjenett.

For fleire av dei omsøkte prosjekta er det ikkje klare planer for korleis meir kraft skal førast ut av området. For fleire ligg det føre fleire alternativ. Det kan ikkje vere slik at eit naturinngrep vert gjort utan at kraftverket kan setjast i full drift. Dette har vi sett eksempel på (Urke, Trandal). Vert det først utbygging, så må energien nyttast best mogleg. Om ikkje, vert konsesjonsmyndigheita sine avvegingar av samfunnsnytte mot ulemper gjort på feil grunnlag. Det kan heller ikkje vere slik at nye tiltak må gjerest for å gje økonomisk grunnlag for forsterka infrastruktur for dei allereie utbygde kraftverka.

For oss vert det feil å skilje naturinngrepet ved kraftverksutbygginga og dei andre naturinngrepa knytt til bygging av nye liner, trafoar og tilførselsvegar. Dette er ein klar mangel ved søknadene som NVE på beste måte må prøve å ta høgde for i si vurdering av kost/nytte-vurderingane ved søknadene.

Slik vi les det vil ikkje småkraftverk bote på behova til den kraftkrevjande industrien eller mette den europeiske marknaden, men dei kan bidra til lokal forsyning av straum til eit varierende tal husstandar. Straumen blir i stor grad produsert vår/sommar/haust i småkraftverka. Det betyr at når kraftbehovet til oppvarming stig (dvs når temperaturen synk), har bekkar og småelvar lite vatn. Då må ein enten gå bort frå krav om minstevassføring eller nøye seg med marginal produksjon. Vi tenkjer at sjølv om ein gjekk bort frå kravet om minstevassføring, er dei 10 omsøkte vassdraga marginale vassførande vinterstid og det vil difor berre vere teneleg å drive dei når det er monalege mengder vatn i vassdraga.

7. Om oppfølging av konsesjonsvilkår.

I NVE Rapport 2- 2011 (Etterundersøkelser ved små kraftverk.) er det referert til 5 tilfeldig valde kraftverk som vart granska på oppfølging av konsesjonsvilkåra. «Undersøkelsen viste at de fleste brøt forutsetningene om minstevassføringsutslipp». .»Verken NVE eller kommunene fulgte opp kraftverkene etter at de var bygd. Prosjektet viser derfor at det er et stort forbedringspotensiale for saksbehandling og oppfølging av slike kraftverk, og prosjektet foreslår enkelte tiltak som kan vurderes».



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

I rapporten med eksempel frå Austefjorden vart det mellom anna peika på;

- Vegbygging som vart unødvendig eksponert.
- Overdimensjonert kjøreareal rundt kraftverket.
- Manglande opprydding.
- Vegetasjonsdekke som ikkje var sett i stand i tråd med plana
- «Konsesjonssøknaden gir ikkje et representativt bilde av landskapsvirkningene slik de ble etter utbyggingen.»
- «For lavt presisjonsnivå i beskrivelsen av forventede landskapsvirkninger.»
- «Istandsetting av rørtraseen var ikke utført i tråd med beskrivelsen i detaljplanen».

Vi har diverre også erfaring frå nettopp Sunnmøre (Urke kraftverk og Dalegjerdet kraftverk, sjå bilder under) om større avvik mellom konsesjonsvilkåra og kva som vart faktisk bygd. Våre erfaringar lokalt samt NVE sine egne kontrollar (sjå ovanfor) gjer at vi er skeptisk til fleire kraftutbyggingar når vi ser avviket mellom kva som er godkjent og kva som blir resultatet. Manglande oppfølging av konsesjonsvilkåra av myndighetene fører diverre til at natur- og friluftslivsinteressene taper mot utbyggingsinteressene.



Bilete frå tilkomstveggar (Urke og Dalegjerdet) som etter vårt syn ikkje er i samsvar med konsesjonsvilkåra, og der vi gjennom fleire år har etterlyst NVE si slutt- godkjenning.

8. Tekniske alternativ.

Vi har sett Coanda inntak i drift. Det vert sagt at desse inntaka minskar tapet av fisk, larvar og smådyr i elva. Dei vil i større grad følge elva nedstrøms enn tradisjonelle inntak. Nokre er i drift i Norge, men i andre europeiske land er dei vanlegare. Dei skal og etter sigende gje lågare demningar, krevje mindre tilsyn og gje mindre behov for tilførselsveggar. Slik vi har forstått det, blir det no forska på effekten av coanda- teknologien ved universitetet i Bergen. Skal det byggast fleire småkraftverk må dei beste tekniske løysingane nyttast uansett kva teknologien heiter. Vi forutsett at konsesjonsmyndigheita til ei kvar tid krev at utbyggaren av kraftverk bruker den teknologien ved inntaket av vatnet som skadar naturen minst.



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

9. Å lage to elveosar

Vi registrerer at ved fleire av søknadene vil ein leggje turbinvatnet rett i sjøen utan å føre vatnet tilbake til elva og den naturlege elveosen. Noko av argumentasjonen knytt til dette blir kobla til påstanden om at elva ikkje har anadrom fisk eller ukjent vandringshinder. Vi veit at laks og sjøaure vendar tilbake til sin barndoms elv (og høl) og at dette er styrt av lukta av si eiga elv og eigne genar. Når ein då tenkjer seg at ein tek brorparten av vatnet og fører det ut fleire hundre meter unna den naturlege elveosen, fører dette til feilvandring og skader for den oppvandrande fisk. Om det er slik at ein skulle tillate å etablere kraftverk i desse elvane er eit minimumskrav at ein fører tilbake vatnet til elveosen.

Elles er etablering av eit kraftverk i ei strandline sjeldan positiv for naturtypen fjordstrand/elveos. Særleg om dette er tenkt etablert på urørte strekningar. Det bør vere eit minimumskrav om ein i det heile tillet slike uheldige etableringar, at ein samlar inngrepa i strandlina.


11. Myr og ope landskap

Ved fleire av søknadene er det tenkt kryssing med vegar/rørtrasear på myr. Vi er veldig skeptisk til menneskelege inngrep i myr i det heile. Alle tilnærmingar til myr fører til dramatiske endringar av naturtypen og er oftast dødeleg for myra.


Ein del av søknadane tenkjer seg inngrep i det opne landskapet. Dette vere seg myrområder eller tørrare trelause delar ovanfor tregrensa. Inngrepa i slike opne landskap gir det største negative verknaden då det forureinar visuelt. Linene blir for rette og harmonerer ikkje med kaoset og mangfaldet i naturen.

12. Friluftsliv og folkehelse

I fleire av søknadene er friluftsliv knappast nemnd og teke inn under kap som «bær og sopp». I ei tid der reiselivsnæringa i sin iver etter fleire turistar og kommunane i sin iver etter auke folketal er jo nett tilgangen til urørt natur og friluftsliv «den største gulrota». Folkehelse er også eit nymotens ord og viktig temaord som ikkje (og i tilfelle lite) er omtala i søknadene. Det er ein gong slik at dei enkle turstiane langs vassdraga våre, som oftast ligg sentralt og er lett tilgjengeleg til, er dei mest brukte treningsapparata i kva som helst bygd i kongeriket vårt. Vi vil her vise til granskingar til Brevik (sjå under) som viser at nettopp turgåing er ein hovudaktivitet for det norske folk og som ikkje kan verdsettast nok i høve til folks helse.



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal



Figur 2 : Del av den voksne befolkning som brukte ulike anleggstyper ein gong pr. veke eller oftare 1999-2009 (Breivik et.al. 2011).


Dette er også uttrykt i Møre og Romsdal fylke sin satsing mot betre folkehelse (i Handlingsplan for fysisk aktivitet 2013-2016) for ;Alle innbyggjarane i Møre og Romsdal skal ha tilgang til turstiar, turvegar eller gangvegar minimum 500 meter frå der dei bur, og ha ein infrastruktur som gjer det attraktivt å gå eller sykle til barnehage, skule og arbeide.»

Vi meiner at folks bruk av vassdragsnaturen knytt til friluftsliv og folkehelse er underformidla. Vi ønskjer at ein søkjar blir vist til konkrete kartleggingsmetodar som viser den faktiske bruken av områda og då spesielt tett opp til elvane, som er dei mest attraktive rekreasjonsområda. Offentlege myndigheiter kunne med fordel brukt prinsippa i metoden «barnetråkk» for å betre kartleggje og dokumentere folks bruk av elva og nærområda til elva. Alternativ (eller i tillegg), kan ein nytte metodane skissert i Miljødir. si handbok 25 – 2004; Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder, som legg opp til ein enkel og etterprøvar metode.

Desse tolv fokusområda er bakteppet og gjev grunnlaget for våre vurderingar knytt til dei omsøkte konsesjonssøknadane:

Kroken kraftverk

Søknaden om regulering av vassdraget opp mot Regndalen har vakt reaksjonar og skapt stort engasjement langt utanfor Velledalen. Det er lett å forstå. Dette er eit landskap som gjennom generasjonar har vore verdsatt og brukt på ulike vis; Frå beiting til breklating. Som landskapselement er fossestryka markerte og viktige å ta vare på etter at Brunstad kraftverk og Drivsdalselva kraftverk har fått konsesjonar. No er begeret fult for inngrep i denne delen av Velledalen.



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Tiltaksområdet har eit uvanleg komprimert mangfald av naturtypar. Frå dyrka-marka i dalbotnen, gjennom frodig lauvskog, til snaufjell med alpin karakter. Vandringa gjennom dei ulike vekstonene går på velbrukte stiar som saman med fleire restaurerte kulturminner fortel om brukar av området i notid og fortid. Elva og fossestryka forsterkar opplevinga. For framtida vil dette vere eit viktig godt lesbart pedagogisk referanseområde med jettegryter, juv, bare berg og rik variasjon av vegetasjonstypar. **Dette er ein av perlene i sunnmørsnaturen.** Uavhengig av tekniske løysingar og teknologi vil ei regulering av dette vassdraget vere eit overgrep i eit nærast heilag landskapsrom. Ei kamuflert utbygning er like lite akseptabel som reguleringsplanane som vart lagt vekk for nokre år sidan (med veg opp til inntaket).



Gamal lauvskog, kulturlandskap som er varsamt hegna om, og såpass lett tilgjengeleg alpint terreng finn ein ikkje mange stader. Myra i dalbotnen og Regndalselva sitt økologiske samspel med hovudvassdraget tilseier og at her må vi unngå inngrep.

Av omsyn til visuell eksponering, kulturverdiar, høgfjell, myr, skog, vasstreng, friluftsliv og samla belastning på naturen i Velledalen må vi rå frå at ingen alternativ for regulering av dette vassdraget får konsesjon.



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Ut frå landskapsomsyn, friluftsliv, biologisk mangfald og inngrep i uberørt rår vi til at Kroken kraftverk ikkje får konsesjon

Øvre Huna - og Nedre Huna kraftverk – Huna kraft AS.

Utbyggingane i Huna må vurderast i samanheng med den samla belastninga på landskapet i Hjørundfjorden. Saman med Skarbøen kraftverk og Klubbeneselve kraftverk vil desse kraftverka i Megardsdalen utgjere ei total utbygging av elvane yst i Hjørundfjorden. Sett saman med Standal kraftverk, Trandal kraftverk og Indre Trandal kraftverk osv vidare innover Hjørundfjorden vil utbygging av Huna vere ein alt for stor samla belastning for landskapet.

Huna er ein del av fjordlandskapet, opplevd og sett frå Hjørundfjorden og frå fjellområda rundt. Den er eit viktig landskapselement på «Rånahalvøya» og ein sentral del av Hjørundfjell-massivet.

Ålesund og Sunnmøre Turistforening har ein av sine viktigaste turruter som starter ved ferjeleiet i Hundeidvika, opp Megardsdalen, Megardsstøylen, Riksemsetra ned til Riksheim. Sitat frå boka Fotturar på Sunnmøre (Iris forlag, fj.utgåve); *Frå indre Sula og Ålesund ser ein Megardsdalen som ein open port mellom Skopphornet og Hundatinden, ein fin inngang til Sunnmørsalpane*. «Ved siden av denne turruta for den vanlege turgåar er Hundeidvika og turstien opp Megardsdalen utgangspunkt for dei meir spreke som vil opp på fjelltoppane som Skopphornet eller Hundatinden og tindane innover til Trandalen.

Turstien langs elva er viktig som ein del av opplevingsmangfaldet på turen som startar i Hundeidvika. Vi vil her spesielt peike på opplevingane langs den gamle setervegen frå Ålhaugen og framover med sine steingardar, hulveg, elvebruset og naturlukter gjev ordet naturoppleving fleire dimensjonar. Det som ikkje er så bra, og som skulle vere tilbakeført, er det brutale (og ulovlege ?) inngrepet i form av ein bilveg lenger opp i lia pararelt med denne unike turstien. Denne stien vil også bli siste etappe på ÅST si storsatsing «Hjørundfjorden rundt». Ei storsatsing som vert marknadsført nasjonalt og internasjonalt.

Kraftverket til Nedre Huna kraftverk er tenkt plassert i fjøra fleire hundre meter unna det naturlege elveløpet. Dette vil verte eit synleg inngrep i fjørelandskapet på ein uberørt strekning mellom sandutskipingsbrygga og småbåthamna ved siden av nokre gamle naust. Samstundes er det lite teneleg å lure den oppvandrande fisken til Huna til eit stad som ligg unna det elveløpet fisken skal vandre opp i. Turbinvatnet luktar jo det same som vatnet som rinn naturleg i elveløpet og vil villeie fisken i sin vandring.

Dei nasjonale INON- definisjonane er lite tilpassa det sunnmørske fjordlandskapet. Det er kort veg frå fjord til fjord. Difor må vi hegne om dei inngrepsfrie områda på ein særskild restriktiv måte. Utbygging av Øvre Huna kraftverk vil redusere INON-området og gå inn i det uberørte området på ein uheldig måte.





forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Biologisk rapport dokumenterer på ein god måte dei verdiane som ligg til vassdraget. Det spesielle funnet av Færøymarikåpe viser det spesielle med dette vassdraget som tilseier vern i seg sjølv. Føre-var prinsippet med ein slik ekstraordinær og unik forekomst med ukjent plantehistorie tilseier at det kan vere større utbreiing av denne arten langs vassdraget og at det kan finnast andre artar som enno ikkje er funne som krev spesiell omsynstaking.

Ut frå landskapsomsyn, friluftsliv, biologisk mangfald, inngrep i uberørt område og ei samla vurdering av gjennomførte og planlagde småkraftverk i Hjørundfjord, rår vi til at Huna nedre og øvre kraftverk ikkje får konsesjon.

Aurdalen kraftverk.

Aurdalselva har to flotte visuelle fossar innanfor den omsøkte elvestrengen. Det er vel ikkje for mykje å forlange at ein sparar ein av desse for framtida. Funksjonelt sparar ein då den øvste fossen (den breiaste av dei, sjå bilda under) og flyttar inntaket litt nedover i vassdraget.



Bilder av den øvste av dei to fossane i Aurdalselva søkt regulert

Samla sett er dei omsøkte kraftverka Aurdalen og Gimsdalen nært tettstaden og kommunesenteret Sykkylven. Slik sett er den samla belastninga av desse to kraftverka stor då desse er i nærturområdet til ein større befolkning.

Viss det blir sett vilkår om at inntaket blir flytta nedanfor øvste fossen og at det blir sett ei minstevassføring, har vi ikkje vesentlege merknader til søknaden.

Gimsdalen kraftverk.

Gimsdalselva vil bli påverka av denne reguleringa ved at vassmengda blir redusert på ei strekning der det går opp fisk frå sjøen. Gimsdalsfossen og fossane nedanfor vil bli temt og borte i store delar av året. Gimsdalen er innfallsporten for dei som tek seg ein enkel fottur inn Vikedalen og Straumsdalen eller fer til topps på Straumshorn eller ein av dei andre toppane omkring.



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Samla sett er dei omsøkte kraftverka i Gimsdalen og Aurdalen nær tettstaden og kommunesenteret Sykkylven. Slik sett er den samla belastninga av desse to kraftverka stor då desse er i nærturområdet til ein større befolkning.

Det blir lagt opp til ny vegbygging inn til inntakspunktet frå seterstøylen på Gimsdalssetra. Dette er eit nytt inngrep i urørt natur.

Sett i samanheng med presset på vassdragsnaturen totalt i Sykkylven, kan vi ikkje tilrå eit inntak så høgt som omsøkt. Gimsdalsfossen og fossane nedstraums bør få renne fritt, og landskapet rundt,- og over Gimsdalssætra må skjermast frå inngrep. Vi kan ikkje tilrå noko alternativ løysing med inntak lavere under fossane, då røytraseen m.m. diverre vil medføre eit alt for stort inngrep i naturen og kystfuruskogen.

Vestreelva kraftverk.

Utbyggingen i Vestreelva må vurderast i samanheng med den samla belastninga på landskapet i Storfjorden. Saman med dei tre kraftverka i Vaksvikelva vil dette kraftverket på Vestre utgjere ei total utbygging av elvane på denne strekninga av Storfjorden. Sett saman med Dyrkorn kraftverk, Fausa kraftverk og Ramstaddal kraftverk vil utbygging av Vestre føre til ei stor samla belastning for landskapet.

Vestreelva er ein del av fjordlandskapet, opplevd og sett frå Storfjorden og frå fjellområda rundt. Den er eit viktig landskapselement i Storfjorden.


Kraftverket er som eit av alternativa tenkt plassert i fjøra. Dette er uheldig knytt til at strandlina er som urørt å rekne. Vi les av søknaden at vandringshinderet er om lag om lag 150 m frå osen, ved Skardebøhølen, og at «denne hølen vart fylt med stein i samband med vegutbetring for nokre tiår sidan». Vi finn det naturleg at eit eventuelt kraftverk blir plassert ovanfor denne hølen og at hølen blir restaurert som ein del av konsesjonsvilkåra.

Viss det blir sett vilkår om at det blir sett ei minstevassføring, og at kraftverket blir plassert ovanfor Skardebøhølen (som må reetablerast), har vi ikkje vesentlege merknader til søknaden.

Vaksvikelva kraftverk – Vaksvik-, Kverve og Grytavatnet kraftverk.

Utbyggingane i Vaksvikelva må vurderast i samanheng med den samla belastninga på landskapet i Storfjorden. Saman med utbyggingsplanane i Vestreelva vil desse tre kraftverka i Vaksvikelva utgjere ei total utbygging av elvane på denne strekninga av Storfjorden. Sett saman med Dyrkorn kraftverk, Fausa kraftverk og Ramstaddal kraftverk vil utbygging av Vaksvikelva vere ein alt for stor samla belastning for landskapet.

Vaksvikelva er ein del av fjordlandskapet, opplevd og sett frå Storfjorden og frå fjellområda rundt. Den er eit viktig landskapselement i Storfjorden og inngangen til verdsarvområdet Geiranger/Storfjorden.



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal




Bilde teke frå stien ned mot Grytalisetra frå Grytavatnet med utsikt vest mot Vaksvika og Storfjorden

Sia midten av 1990-talet har det vore eit mål at inngrepsfri natur i størst mogleg grad skal bevarast for framtida. INON måler avstand frå tyngre, tekniske inngrep i naturen og beregner inngrepsfrie soner basert på avstand i luftlinje frå nærmeste inngrep. Inngrepsfrie naturområder er inndelt i tre soner basert på avstand til nærmeste inngrep. Utbyggingsplanane ved Grytavatnet kraftverk grip inn i INON sone 1 (Områder mellom tre og fem kilometer frå tyngre tekniske inngrep) på ein uheldig måte som ikkje er tilrådeleg. Tiltaksområdet er synleg frå fjella som ligg i tiløpet til Tresfjordsfjella, og røyrkata som er planlagt i dagen er problematisk ved at den blir alt for synleg i snaufjellet.

Os-området i Vaksvika er registrert i Naturbasen som; « *Utfartsområde, bål plass og bade plass på sørsida av elveutløpet. Området er regulert som friluftsområde. På nordsida av elveutløpet ligg Vaksvika Småbåthamn som har gjestebrygge.* ». Ikkje tvil om at elveosen har sin verdi når ein ser jonsokbålet, turstien, brua over elva, gjestebryggja, toalettet og anna tilrettelegging for friluftsliv som er gjort der. Samstundes blir det dreve litt spesialisert friluftsliv knytt til sjølve elva. Vi er nemleg opplyst frå lokale elvepadlarar samt Norges Paddleforbund at Vaksvikelva blir mykje nytta til elvepadling. Elvepadling er ein friluftaktivitet som oftast er uorganisert og er ikkje synleg i dei offentlege friluftslivsbasar som Naturbasen. Elvas utforming er heilt avgjerande for denne aktiviteten og dei elvane som blir nytta til dette er ikkje eit tilfeldig utplukk av elvar. Det er nettopp dei elvane som mogleggjer aktiviteten som er interessante, ikkje geografisk plassering i høve til byar, tettstadar, skular og liknande. Vi har forstått at elvepadlarane kjem med ei eige fråsegn til konsesjonssøknaden i Vaksvikelva.

Vi meiner at Vaksvikelva fortsatt bør vere urørt av kraftverksutbygging. Heile vassdraget frå fjell til sjø har med si lengde og sitt mangfald sin verdi slik det ligg no. Etter ein samla vurdering av inngrepa i denne delen av Storfjorden, vil dette vassdraget



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

og elveosen vere det einaste intakte etter at Dyrkornelva er regulert og Vestreelva kan bli regulert. Om ein skulle tillate utbygging i Vaksvikelva i det heile, er det Grytavatnet kraftverk det med minst konsekvensar. Vi rår då til at inntakspunktet for Grytavatnet kraftverk blir flytta ned til eit nivå som er på høgde med Grytalisætra. På den måten vil inngrepet bli lagt ned i skogsområdet og inn til eit anna inngrep som er der frå før (vegen) og vere mindre synleg i dette fine landskapet.

Ørskogelva kraftverk.

Vi meiner etter vår synfaring og kunnskapsinnhenting at Ørskogselva har kvalitetar som ikkje er kome godt nok fram i dei framlagte dokumenta i søknaden. Strekninga frå Kvanndalsbrua og nedom Dynjafossen er unik med sine jettegryter, fossar og stryk. Tråkk langs elva og stiar bort til sjølve Dynjafossen samt lokale turgåarar fortel oss om at denne strekninga er underformidla. Her er det fisking av elvekree og det badast i dei fine kulpane. Elvepadlarane fortel oss om at den midtre strekninga av Ørskogelva har kvalitetar som gjer denne unik knytt til denne aktiviteten. Den Trondhjemske Postveg frå 1786 går også opp dalen nært til elva.




Bilde av Dynjafossen ein finversdag i juni

Ørskogelva ligg ein 20 min køyretur frå Ålesund. Her ligg det eit potensiale til meir bruk for ei større befolkning. Ein ting er bruken no, men kva om 100 år ? Menneska i framtida treng og eit vassdrag å leike seg i framtida.

Viss det blir sett vilkår om at det blir sett ei minstevassføring og at inntaket blir plassert nedom Dynjafossen, har vi ikkje vesentlege merknader til søknaden.

Oppsummering:

Naturvern er blitt redusert til miljøvern, vår fornemning for naturens form og farge er vorte redusert til målbare etterprøvbare analyseverdier. I hardkjøret for den fornybare og grønne



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

vasskrafta råder abstraksjon grunnen i konsekvensutgreiingane med kvantifisering av biodiversitet, tal trua rødlistearter på ulike trinn og INON-areal i km² som prosent av forekomsten fylkesvis, regionalt eller nasjonalt. På den måten blir det sjeldenhetsverdien som tel, ikkje eigenverdien. Friluftsliv er enno eit framandord (ofte omtala som bær og sopp?) og kan ikkje målast med tomrestokken. Vi har likevel gjennom dette dokumentet prøvd å verdsette naturen og folks oppleving av naturen og vege desse opp mot samfunnets behov for kraft. Då har vi naturen til våre barnebarns barn i tankane, og meiner at meir av vassdragsnaturen kan ikkje vår generasjon ta for seg av.

*For pengar kann ein få alt, heiter det.
Nei, ein kann ikkje det.
Ein kann kjøpa seg mat, men ikkje mathug,
dropar, men ikkje helsa
mjuke senger, men ikkje svevn,
lærdom, men ikkje vit,
stas, men ikkje venleik,
glans, men ikkje hygge,
moro, men ikkje gleder,
kameratar, men ikkje venskap,
tenarar, men ikkje truskar,
gråe hår, men ikkje æra,
rolege dagar, men ikkje fred.*

*Skalet av alle ting kann ein få for pengar.
Men ikkje kjernen; den er ikkje for pengar fal.*

(Sitat Arne Garborg, *Um pengar* -1920)

Helsing

Ingbjørn Bredeli
Koordinator Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi
Sykkylven kommune
Ørskog kommune
Fylkesmannen
Fylkeskommunen